

Tap og siger for småjentene.



Anette Sandnes er ei allsidig fotballjente. Ho var keeper laurdag og scora søndag!. (Foto: Ida Røssland)

Småjentelaget (j-14) til Rosendal/Uskedal har ei travel helg bak seg. Laurdag spela dei kamp mot Bergen Nord/Hovding i Rosendal, og søndag var Solid 1 motstandar på bortebane på Nyseter. Laurdag enda det med knepent tap, medan dei søndag var på vinnarsporet

Kampen laurdag var andre kamp i Adidas-cup som er eit uoffisielt noregsmeisterskap for aldersbestemte lag. Her møter dei svært god motstand. Kampen var jamnspela, og då dommaren bles for kampslutt, viste målprotokollen 3-2 til bortelaget. Ida Røssland og Tonje Skåla scora for heimelaget. Med tapet er det også klart at laget ikkje kjem til sluttspølet i Adidas-cup, men gjennom deltakinga har dei fått god og utviklande matching.

Søndag reiste jentene til Stord der dei møtte Solid 1 i seriekamp. Her viste dei seg overlegne, noko som resulterte i ein klar 5-0-siger. Dermed er laget framleis med i toppgruppa i pulja si. Mellom målscorarane i denne kampen var uskedalsjenta Anette Sandnes. At ho er ein allsidig spelar, viser det faktum at ho vakta målet i kampen laurdag.

Av Thor Inge Døssland